



Til

Landbruks- og matdepartementet

Att: Landbruks- og matministaren Sylvi Listhaug

Gjeldande : Prop. 106 S(2013-2014) Jordbruksoppgjøret 2014 og

Prop. 164 S(2012-2013) Jordbruksoppgjøret 2013

Postnboks 8007 Dep.

0030 Oslo

Mail: postmottak@lmd.dep.no

Høyringsuttale til «Forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket»

Vi viser til høyringsbrevet fra Landbruks- og matdepartementet datert 01.10.2014 om forslag til «Forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket» med høyringsfrist 28.11.2014

Hardangerrådet er regionråd for kommunane Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Kvam, Jondal og Odda. Landbruket og tilhøyrande næringar er ei av dei viktigaste næringane i regionen både med tanke på verdiskaping og busettnad. Vi ønskjer difor å koma med følgjande kommentarar til framlegget:

Til §3 Tiltaksgrupper og tilskotsnivå.

Tiltaka som vert lista opp i høyringsnotatet er sagt å skulle vera uttømmande. Det vil seia at det ikkje skal kunne gjevast støtte til andre tiltak enn dei som spesifikt er nemt m.a for å gjera ordninga forutsigbar.

Vi finn det difor uforståeleg at berre tiltaksgruppe «økologisk fruktdyrking» er nemt. Fruktdyrking har i vårt område lange tradisjonar. Det er ein produksjon der vårt område har eit konkurransefortrinn, og dyrkinga har eit produksjonsomfang av nasjonal betydning. Forskrifta må byggja opp under investeringar i ei bærekraftig næring som dette og i framtida.


Bærdyrking er eit anna eksempel på ein produksjon som har eit stort dyrkingspotensiale i vårt område. Denne er heller ikkje nemt i framlegget til tiltak i den nye forskriften slik «økologisk fruktdyrking» er. For å fanga opp regionalt viktige tiltaksgrupper som dette er, bør det i forskriften opnast for meir skjønn gjennom ei tiltaksgruppe for «andre tiltak» slik ordninga i dag har, eller gjerast meir generell i form av formuleringar som «bærekraftig hagebruksproduksjon» i stadenfor «økologisk frukt»

Under «andre tiltak» i gjeldande ordning, har det vore høve til å gje støtte til m.a. fellesskapstiltak, infrastrukturtiltak, og mobiliseringstiltak som «Dyrk Smart» og «Mjølkeprosjektet» har vore døme på her i Hordaland. Vert slike tiltak teke ut av denne ordninga, må det leggjast til rette for liknande satsingar gjennom andre regionale utviklingsmidlar som gjer det mogleg å følgja opp viktige regionale strategiar og føringar som desse og i framtida.

At grensa på maksimalt tilskot på 1 mill vert oppheva er positivt for ein skilde prosjekt som søker støtte. Innanfor ein avgrensa pott til fordeling, vil det bety at færre prosjekt får støtte når tilskotsbeløpa aukar, og at det er dei største og mest lønsame invsteringane som og får mest støtte. Dette kan få konsekvensar som kjem i strid med det som er formulert som føremålet til forskrifta i §1 om å «... bidra til sysselsetting, bosetting og et variert landbruk i alle deler av landet.»

Kinsarvik 28.11.2014

Hardangerrådet iks

 
Leiv Vambheim
Dagleg leiar